
Saksnr: 2020/57056-2
Saksbehandlar: Erlend Iversen
Dato: 04.10.2021

Til: Hovudutval for samferdsel og mobilitet

Frå: Avdelingsdirektør infrastruktur og veg

Status arbeid med modulvogntog Vestland

Bakgrunn

Høyringsutkastet til Handlingsprogram til RTP 2022 - 2033 legg opp til følgjande utviklingstiltak: «Klargjere kva vegar som kan opnast for modul- og tømmervogntog på fylkesvegnettet i Vestland.»

Avdeling for infrastruktur og veg har derfor starta opp eit prosjekt som skal vurdere kva vegar som eventuelt kan opnast. Arbeidet baserer seg på liste over strekningar utarbeidd av Norges Lastebileierforbund (NLF), og omfattar strekningar over heile fylket. Dei aktuelle strekningane er lagt ut i fylkesatlas, og tilgjengeleg på følgjande lenke:
<https://www.fylkesatlas.no/share/92338eca205f>.

Om modulvogntog

Største tillate lengde og vekt på køyretøy på dagens fylkesvegnett i Vestland er 19,5 m lengde og 50 tonn totalvekt, med unntak av tømmervegnettet, som opnar opp for tømmervogntog med inntil 24 m lengde og 60 tonn totalvekt. Modulvogntog har inntil 25,25 m lengde og 60 tonn totalvekt.

Veglistene - ansvarsforhold

Statens vegvesen sendte 11. mars 2020 ut forslag om å tillate modulvogntog på alle vegar som i dag er tillate for 24 m tømmervogntog, men la etter høyringa avgjerda til fylkeskommunane. Statens vegvesen har det formelle ansvaret for veglistene, i dialog med fylkeskommunane for fylkesvegnettet. Veglistene regulerer kva bruksklasse (BK) som er tillaten på vegen sommar og vinter, inkludert tillaten totalvekt og vogntoglengde.

Arbeid med modulvogntog i Vestland

Forslaget til strekningar frå lastebileigarforbundet vert no analysert ut frå mellom anna følgjande kriterium:

- Vegbreidde
- Horisontal- og vertikalkurvatur (radius og stigning)
- Møteplassar
- Bereevne (vegkropp og skulder, bruer, støttemurar)
- Evt. simulering (sporingsskisser av modulvogntog langs konkrete vegstrekningar)

Det vil for fleire av strekningane vere aktuelt med meir kvalitative vurderingar knytt til trafikktryggleik. Dette kan til dømes vere vurderingar rundt ÅDT, gåande, syklande, skulevegar, senterområde med meir.

Arbeidet vil ha fokus på «lågthengande frukt» først, dvs. kortare/ enklare strekningar - og vil skje i dialog med NLF. Fleire av strekningane vil etter analyse kunne ha behov for utbetring av mindre flaskehalsar for å kunne opnast. Det er førebels ikkje sett av midlar til denne type utbetringar.

Tømmervogntog

Tilsvarande modulvogntog har skogeigarsamvirket AT Skog sendt inn forslag om strekningar som dei ønskjer opna for tømmervogntog (utviding av dagens tømmervegnett). Analyse av strekningane er no i sluttfasen, og resultatet vil bli lagt fram når det ligg føre.